


# Årbok for Gudbrandsdalen



Bok nr. 69 - 2001 - Dølaringen Boklag

# Ordførar i mellomkrigsåra

Av Ola F. Gjeilo

*Ola F. Gjeilo (1891-1978) var ordførar i Skjåk i to periodar, i 1926-28 og 1932-34. Han skreiv om korleis han opplevde det å vere ordførar i desse tronge åra, og artikkelen vart seinare trykt privat i 80 eksemplar. Årboka har fått tilgang til artikkelen, og trykker den her som eit dokument frå «dei vanskelege 30-åra».*



*Ola F. Gjeilo, 1891-1978, ordførar i Skjåk i to periodar i mellomkrigstida.*

Den økonomiske situasjonen denne tida var vanskeleg og tung for alle som budde i bygda, og likeins for den som hadde med den kommunale forvaltninga å gjere. Det var pengemangel, gjeldstrykk, renteåk og skattebyrde som la ei klam hand over det heile.

Hadde den mangeårige ordføraren Olav Øygard levd, ville han ha vore den rette mannen, som den grundige granskaren og historikaren han var, til å skrive om dette.

## **Vegarbeid mot arbeidsløyse**

Det var ei viktig og vanskeleg oppgave for kommunestyret og kanskje særleg for ordføraren å prøve alle moglege utvegar for å halde arbeidslivet i gang med dei små midlane vi aller nådigast kunne få gjennom dei offentlege organa. For arbeidsløysa var skremmande.

Under desse forholda kom vegprosjek-



*Vegarbeid vart sett i gang mot arbeidsløysa. Mellom anna vart det arbeidd veg gjennom Lundagrenda på dette biletet, frå andre sida av Vollungsbrua. I framgrunnen butikken til Anne Tofte.*

tet Skamsar bru – Vollungsbrua opp. Opphavleg var det Skamsar bru – Ofoss bru, som til slutt vart til Skamsar bru – Skjøla bru – Vollungs bru, da grenda på Dalom også kom med sitt vegkrav, som naturleg var, da dei også var veglause.

På møte i formannskapet vart det på budsjettet for 1926-27 ført opp som første løyving kr 5.000. Denne budsjettposten vart vedtatt mot ei stemme i formannskapet og kommunestyret. Dermed var det fastslått at Lundavegprosjektet skulle setjast i gang, til gagn og glede for

dei som budde i desse veglause grendene. Dei hadde lengta og ropt etter skikkeleg veg i lange tider. Men det skulle gå nokre år før alle formalitetane var i orden. Det galdt mellom anna gjerde og grunnavstavingar. Og det måtte skaffast så mange pengar at arbeidet kunne setjast i gang. Men alt ordna seg til slutt.

### **Inndriving av skatt**

Når det gjeld budsjettet, var fylkesmannen streng i krava sine, både med omsyn



til å krevje inn skattane og med betaling av renter og avdrag på kommunen si gjeld. Krava var nok ofte så strenge at vi ikkje på nokon måte kunne klare det på grunn av at kommunekassa ofte var heilt botnskrappt for pengar, og at den økonomiske stillinga hos alle grupper skattyttarar var meir enn overanstrengt. Formannskapet – og da særleg ordføraren – sto over for mange vanskelege oppgaver for å få fylkesmannen til å forstå kor vanskeleg det var for alle grupper skattyttarar å klare dei pliktene som alle hadde å kjempe med. Den skatten som ikkje var betalt i rett tid – og det kunne vere store beløp – måtte pantast.

Å halde skatteauksjon var det ingen nytte i, da ingen møtte opp for å kjøpe pantet. Men som oftast fekk kommune-kasseraren inn nokre kroner, og ein fekk trøyste seg med at «kjem tid, kjem råd», som det heiter.

Pantet hos ein gardbrukar var hest eller kyr, etter storleiken på skatten. Det kunne også vere gardsreiskap som var pantsett. Hos ein småbrukar var det småfe eller hest, om han hadde. Hos en arbeidsmann som ikkje hadde jord, var det kanskje ein sykkelskrabb. Sykkelen var kanskje det einaste framkomstmiddelet mannen hadde, om han var så heldig å få nokre arbeidsdagar her og der og tene nokre kroner.

På enkelte kommunestyremøte la eg som ordførar fram store bunker av søknader om utsetting, nedsetting eller heil

ettergjeving av skatten. I møtet den 11. februar 1929 vart det stroke skatt til eit samla beløp av kr 4.554 pluss utgifter til panting, og på møtet 17. januar 1930 for eit samla beløp av kr 5.112 pluss utgifter til panting. Så det var ikkje små beløp det dreia seg om. Men det var ingen veg forbi, da det var skatt som ein ikkje hadde noko håp om å få inn.

Fylkesmannen var etter oss med purring om innkrevjing av skatterestansane, men det var ikkje så endefram for oss i kommunestyret å purre på skattyttarane stadig vekk. Vi fann ut at det var betre å gå lempeleg fram. Det syntte seg også å vere det beste. Om ikkje beløpa var så store, fekk vi erfaring for at det mangla ikkje vilje til å betale, men evne.

## Nye tiltak

I 1935 kom det skriv frå overingeniøren for vegstellet om å sette i gang ekstraarbeid på grunn av arbeidsløysa. I sitt vedtak peikte kommunestyret på fleire stader både i Bråtådalen og Billingsdalen der vegen skulle vore utvida eller omarbeidd på grunn av biltrafikken, og at ingeniøren sjølv kunne bestemme kvar det mest var påkravd. Elles kunne det også være strekningar på den påtenkte Lundavegen som passa til vinterarbeid.

I kommunestyret 19. desember 1935 vart lagt fram plan for Øygard nye skolehus med kostnadsoverslag på kr 18.500. Ja, tenk det! Kor mykje hadde dette skole-

lehuset kosta i dag om det skulle bli bygd? Kommunestyret godkjende planen og henstilte til fylkesmannen og fylkesutvalet at det vart med på fylkesbudsjettet.

Til førebels dekking av utgiftene til legeboligen i Lom vart ordføraren gitt fullmakt til å ta opp eit lån i Lom og Skjåk Sparebank på kr 25.000. Lånet skulle betales attende innan fem år.

### Kampen om vinteropen veg

På møte den 20. november 1926 vart det referert at på grunn av Skjåkbilanes økonomiske vanskar, kunne ikkje selskapet gi noko bidrag til å halde oppe vinterbiltrafikken i Ottadalen, som var

blitt eit større og større krav frå bygdene.

Det galdt eit beløp på kr 1.500 som den tida var mange pengar. Eg sette fram dette forslaget: «Da Skjåk kommune ligg så langt frå Otta st., meiner vi det ikkje berre er eit krav, men eit livsvilkår for Ottadalsbygdene, ikkje minst for Skjåk som ligg lengst borte, at det kan vere dagleg samband mellom Otta st. og Skjåk, så vel vinter som sommar, heilt til Nordberg. For at ikkje trafikken skal stoppe opp på grunn av manglande midlar til vegbrøyting, overtek kommunestyret på vegne av kommunen kr 1.000 av Skjåkbilane sin del av bidraget til vinterbiltrafikken. Beløpet blir tatt frå utbyttet til O.G.S. for 1926.»

For å sjå om nokon ville stemme mot



*Sy gard Gjeilo, ein av dei største gardane i Skjåk, ligg fint til på flatlandet ved Skim. I bakgrunnen Ramstadstrond. Garden er nå ått av Ola G. Gjeilo, barnebarn til tidlegare ordførar Ola F. Gjeilo. Foto utlånt av Åse Gjeilo.*

dette forslaget, forlangte eg namneopprop. Men det skulle vise seg at eg leid eit grueleg nederlag. Presten Bakke sette fram dette forslaget: «Kommunen som både i år og i fjor løyvde midlar meir enn andre kommunar til vinterbiltrafikken i Ottadalen, kan, så ynskjeleg det kan vere, ikkje løyve meir enn det som er løyvd.»

For forslaget frå ordføraren stemte 8, og for forslaget frå Bakke 12.

Dessverre såg nok ikkje dette fleirtalet den store fordelten i at det kunne lykkast med ganske små midlar å oppretthalde det daglege sambandet med den næraste jernbanestasjonen. Men det skulle vise seg at saka kom att.

Den 15. desember same året gjorde eg greie for overfor kommunestyret kvifor det var innkalla pr. telefon, og dei som ikkje hadde telefon var bodsende. Det galdt eit skriv frå formannen i O.K.A. som hadde vore i Oslo og der blitt kjend med at det statstilskottet som var løyvd på kr 5.000 til å halde oppe vinterbiltrafikken i Ottadalen, var falle bort på grunn av at Skjåkbilene hadde trekt attende sitt tilskott på kr 1.500, og at det var brukt av dette beløpet så det nå var att kr 4.000 til disposisjon som Ottadalen kunne få dersom dei interesserte bygdene ordna sine bidrag. Med desse opplysningane fekk bjølla ein annan låt. Det vart så samrøystes vedtatt å garantere for heile beløpet på kr 1.500. Dersom ikkje alt gjekk med til å halde

vegen open, skulle resten av beløpet brukast til utskifting av gjerde langs vegen i bygda.

### **Arbeidet med Lundavegen kjem i gang**

På kommestyremøtet den 9. oktober 1930 vart formannskapet vald til å føre tilsyn med arbeidet på Lundavegen som var sett i gang der like før. Der arbeidde tre lag med fem mann i kvart lag. Guttorm Lund var formann i eitt lag med Ola Skriden, som også skulle vere vegsmed for alle laga. Pål Haugen var formann i det andre laget, og Ola Moen i det tredje laget. Forskott var bestemt til 50 øre pr. time.

Det var sikkert ein glad dag for det mannskapet med familie som hadde den lykka å få gå i gang med arbeidet på Lundavegen. Arbeidet kom til å gå i mange år, og mange hadde venta å få arbeide på vegen.

Det vart halde fram med å føre opp på budsjettet eit beløp kvart år til dette anlegget. Anlegget kom også med på statsbudsjettet med årlege løyvingar, og med dagsverksbidrag med inntil kr 1.500. Det første statsbidraget var på kr 5.000.

### **Kraftutbygging**

Til å byrje med var det meninga at Skjåk kommune, Lom kommune og Skjåk Almenning skulle gå saman om å bygge

Høgfossen i Skjåk Allmenning for elektrisk kraft. Det vart utført ein del førebuarande arbeid der, og Aura skulle byggast ut for å få elektrisk kraft til arbeid i Høgfossen. Men så brått fall Lom frå, så det vart berre Skjåk kommune og Skjåk Allmenning att. På møte den 10 desember 1924 vart det vedtatt å be Skjåk Allmenning å skaffe kommunen heimel på Høgfossen før den kunne overtakast som eigedom. Men dette vart det ikkje noko av.

Noko meir arbeid i Høgfossen vart det ikkje, men det vart halde fram med å bygge ut Aura til lys og kraft for bygda og kraft til sagbruket i allmenninga.

## Gjeldsoppgjær

På grunn av at Lom trekte seg ut av samarbeidet vart Skjåk hengande med ei lånegjeld i Lom og Skjåk Sparebank til dette anlegget. Rett nok vart ein del av dette brukt til utbygging av Aura. Lånet var på kr 150.000, og det var ei tung bær å dragast med i tida framover. Utbygginga av Aura heldt fram, slik at det litt om senn tok til å lyse frå elektriske lamper bortover bygda om kveldane, og det vart kraft til tresking, vedkapping og til sagbruket.

Men så forlangte sparebanken å få lånet på kr 150.000 attendebetalt på grunn av mangel på disponibel kapital, eller kanskje det var andre årsaker som låg til grunn for kravet. Det hadde alt da tatt til

å gå gale med ein del bankar og kommunar som var komne i vanskar. Kravet frå sparebanken var eit faktum, og noko måtte kommunestyret gjere for å kome i møte kravet frå banken. Dette var lettare sagt enn gjort for ei fattig fjellbygd som Skjåk.

Vi hadde da Norges Kommunalbank, ein forholdsvis ny bank som hadde til oppgave å hjelpe kommunar i naud. Det var på den tida ein kjend polititar, Stuevold Hansen, som var sjef for denne banken.

Som ordførar i bygda vart eg vald til den lite hyggelege oppgava å reise inn til Oslo og søke kontakt med sjefen for denne banken. Eg må tilstå at eg ikkje var noko særleg begeistra for å ta fatt på denne Oslosturen med ei så tung og vanskeleg oppgave å løyse, ung og uerfaren som eg var.

Men lykka var kanskje at Erik Enge var stortingsmann og statsråd da. Han

*Statsråd Erik Enge lova å hjelpe da ordførar Ola F. Gjeilo oppsøkte han i Stortinget. Enge var gausdøl og godt kjend i Ottadalen. Kona hans var frå Bøverdalen. Foto utlånt av Jan Johnsgaard.*





*Skjåkstrond i 1920-åra. I framgrunnen Vigstadvollen og heimen til fotograf Kristian Stakston. Lenger framme ser vi Uppigard og Nigard Skjåk og Prestgards-gardane.*

kjende eg litt frå før, så eg oppsøkte han i Stortinget og prøvde så langt eg evna å klarleggje saka for han. Han var med ein gong villig til å hjelpe meg med dette. Han var også godt kjend med Stuevold Hansen. Enge ringte til han med ein gong og forklarte saka i stutte trekk. Men banksjefen var opptatt, så vi måtte vente til dagen etter. Neste dag troppa vi opp på kontoret til banksjefen, eg med alle tenkjelege og utenkjelege dokument om saka i veska. Både Stuevold Hansen og Enge var i godt humør, skjøna eg. Med dei dårlege talegavene mine prøvde eg etter beste evne å klarleggje årsaka til dei økonomiske vanskane kommunen min var kome opp i. Statsråd Enge kom med eit viktig innlegg i saka, og som han sa var han godt kjend i Ottadalen og ikkje minst i Skjåk. Stuevold Hansen lova å gjere sitt aller beste så vi i Skjåk skulle få hjelp til å få innvilga lånet. Lånet kom ikkje formelt i orden før i 1933.

### Seterveg i Finndalen

Den 11. august 1934 hadde eg samankalla til møte med setereigarane i Finndalen for å drøfte saka om bilveg frå Klomsrobekken og innover Finndalen. Det var



stor interesse for saka, og det vart vald eit styre med Oluf Grjotheim, Bustad, som formann. På seinhausten vart arbeidet sett i gang. Finndalssetringane var levande interesserte i saka, og ikkje minst formannen. Det var tre lag med 15 mann som arbeidde på vegen. Johs. Kveen skulle stikke opp veglina og måle opp akkorden. Vi reiste sørover dagen etter. Også dette mannskapet gledde seg til å ta fatt med «kraft i armen og mot i bar-





men». Som ordfører gjorde eg alle moglege forsøk på å skaffe midlar i form av dagsverksbidrag og offentlege tilskott til dette, som også delvis lykkast. På kommunestyremøtet den 24/11 1934 kunne eg referere eit skriv frå Sosialdepartementet gjennom fylkesmannen om at kommunen vart tildelt kr 5.000 i dagsverkstilskott til Finndalsvegen, og på samme måte eit skriv frå Oppland Landbruksselskap om at Finndalsvegen (seter-

veg) var tilstått eit stastilskott på kr 5.000.

På same møtet vart det tilrådd rentelette for 17 låntakarar i Den Norske Stats Bonde- og Småbrukarbank. Dette vedtaket tala sitt tydelege språk og treng ingen kommentar.

For å vise dei som styrer den kommunale forvaltninga i dag, med overflod av pengemidlar, tek eg med eit vedtak som kommunestyret gjorde på møte

den 11. april 1934 – ei bøn til Stortinget:  
«Skjåk kommunestyre vil, så alvorlig og inntrengende det kan, sende henstilling til Stortinget om, at det fra statens side blir satt i gang tiltak som monner til hjelp mot den alvorlige krise som herjer, og ikke minst i fjellbygdene. Kommuner, gardbrukere og småbrukere og alle andre arbeidsfolk som må leve av sine henders arbeide, kjemper en håpløs kamp mot overmakten, værre enn noen gang før.

Etter vår mening gjelder det først og fremst at gjelden og renteåket på kommuner og i jordbruket må ned, så det kommer i samsvar med den økonomiske bæreevne. Det foregår konkurser og gjeldsmeglinger overalt. Å opphjelpe jordbruket med tiltak som også kan komme fjell- og fjordbygdene til gode ved å sette nyttig arbeide i gang, så forsorgsutgiftene blir lettet og arbeidsfolket atter får kjøpekraft og arbeidsglede, som er noe av det største her i livet. For Ottadalen vil man peike på vegprosjektet som skal komme istedenfor Otta-Fossbergbanen, som både kan minske arbeidsløysa og gi jordbruket bedre vilkår for framtida.»

### Strid med fylkesmannen


Eg kan ikkje la vere å ta med eit drastisk eksempel på korleis den høgste embetsmannen i fylket ville behandle dei kommunale undersåttane sine:

På møte 15. oktober 1932 refererte eg

eit skriv, sendt gjennom Ottadalens Tuberkuloseheim, der fylkesmannen ba fylkeskasseraren om å halde attende dei pengane som kommunane skulle refundere for pasienter på Tuberkuloseheimen frå vedkomande kommune. Det beløpet som vart halde attende skulle brukast til å betale ned på skatterestansane til fylket frå dei aktuelle kommunane. På eit seinare møte same året kom eit nytt skriv frå fylkesmannen, også nå til fylkeskasseraren, at han for tredje kvartal frå dei pengane som skulle til Tuberkuloseheimen skulle halde att både dei som kom frå fylket og dei som kommunane hadde refundert. Kommunane hadde protestert kraftig mot denne drastiske framgangsmåten, heitte det i eit brev til ordføraren. Skjåk kommune meinte at det ikkje var nokon hjelp i å protestere. Elles heitte det i vårt vedtak at våre restansar var kr 7.600, og i slike tronge tider som nå var det vanskeleg å klare utgiftene sine på dagen. Kommunestyret vedtok å be kommunekasseraren å betale direkte til Tuberkuloseheimen det som fall på Skjåk av utgiftene.

### Kommunebudsjettet

Skatteprosenten svinga mellom 16,5% og 18% på budsjetta våre. Slettinga av skatt frå 1922 til og med 1926/27 utgjorde ein sum på kr 4.247. Ved desisjon for kommunerekneskapen for 1933/34 var det uteståande skatt kr 220.490 – et skræme-



*Marlosbrua ved Ånstad. Brua vart teken av ismassane i slutten av 50-åra.  
Foto: Carl Normann, Hamar.*

leg høgt tall!. Men det gjekk da på eit vis.

Budsjettet 1934/35 var på brutto kr 127.072, og med ei netto til utlikning kr 95.000. Eg tek med nokre av de største postane på dette budsjettet for å vise kva for tal vi opererte med i kommunen den gongen:

Fylkesskatt	kr 13.000
Skulestellet	kr 39.877
Forsorgsvesenet	kr 14.000
Kyrkjestellet	kr 4.235
Kommunestyret	kr 3.410
Retts- og politivesenet	kr 6.156
Vegvesenet	kr 5.500

Vi hadde lån i Bøndernes Bank, men kva det lånet var opptatt til, framgjekk det

ikkje noko om. Brått fekk eg melding om at lånet skulle betalast attende innan stutt tid. Vi hadde kniven på strupen, som det heiter, og det var ikkje anna å gjere. Kommunekasseraren og eg vart enige om å stoppe alle utbetalingane ei tid for å klare dette. Det lykkast også, men det gjekk utover andre, som kanskje var trong pengane betre. Banken trudde vel at Skjåk ville gjere fant av seg.

### **Vanskelege tider i jordbruket**

Det var vanskelege tider for alle som dreiv med jordbruk. Prisen for levert mjølk til ysteriet var i 1929/30 15 øre pr. kg for kumjølk og 20 øre for geitmjølk. I



1931/32 fekk ein 10,8 øre for kumjølkk og 20 øre for geitmjølkk, i 1932/33 13,5 øre for ku og 17 øre for geit, og i 1933/34 12 øre for ku og 17 øre for geit. Driftsutgiftene var ca. 3 øre pr. kg mjølkk.

Alt som jordbruket hadde å selje låg lågt i pris. For ein smågris på 25-30 kg og meir vart det betalt kr 15-20 av oppkjøparen. For ein spedkalv på 20-25 kg betalte kommisjonæren kr 16-17, minus frakt frå Skjåk til Oslo.

Arbeidslønene den tida var så låge at ein kan kvi seg for å sette tala på papiret. Ei budeie fekk 40-50 kr for månad, og gjerne eit par sko. Fri sjuketrygd var det aldri spørsmål om, men dei hadde fritt hus og kost.

En gild gardsarbeidar vart betalt med 30-45 kr for månaden pluss hus og kost. Ein kar på dagarbeid hadde frå kr 2,00 til 2,50 pluss kost. Trygdekasseutgiftene var store den tida, reint for store i forhold til lønene.

### Hardt å vere ordførar

Eg har lyst til å ta med litt statistikk frå ein brosjyre som eg fekk tilsendt frå ein stortingsmann som den tida var finansminister. For året 1931/32 var det av i alt 760 kommunar berre 95, eller 12%, som hadde under det lovbestemte maksimum skatteøret! Noko over 2/3 hadde høgare enn lovas maksimum, 15%, og meir enn 1/3 hadde over 18% i skatteøre. Pr. 16.1.1933 var det 27 kommunar som var

komme under administrasjon, 49 kommunar under massekonkurs, og ca. 100 var i underhandling om gjeldsakkord. Heldigvis, får eg si, unngjekk vi å komme blant desse kommunane og fylka som ramla overende.

I denne vanskelege tida var det ingen lett jobb å vere ordførar. Eg kan forresten nemne at det ikkje var eg som var tiltenkt jobben første gongen eg vart vald. Det var ein heilt annan opplyst mann. Men på eitt eller anna vis var det nokon som hadde svikta, så det dessverre vart meg.

Eg hadde nesten dagleg besøk av folk som klaga si naud. Enkelte kunne også vere nokså bryske av seg. Dei som det var aller verst for, måtte eg berre vise til forsorgsvesenet. Til dei som klaga over skatten, lova eg som regel å legge saka fram for kommunestyret når dei kom med skriftleg søknad.

Eg fekk også mange artige brev om saker og ting. Enkelte av breva kunne vere grove i uttrykket, men det fekk eg ikkje ta så nøye. Og mange kunne ha så interessante innhald at eg tok vare på dei for å ta dei fram att på nytt og studere dei.

*I mellomkrigsåra var det aktuelt å bygge ut Høgfossen i Billingsdalen. Det vart ikkje noko av. Etter krigen vart det bygd eit privat kraftverk i Pollfossen noko lenger vest. Biletet frå 1930-åra. Foto: Ernst Schwitters.*

